



Ingvald Kristoffer Bakke  
Veråsvegen 594  
5955 Lindås

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3349 - 23/21397

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
20.03.2023

## **Førehandsvarsel om krav om installering av minireinseanlegg - gbnr 114/5 Verås**

**Tiltak:** Lågt nivå og lekkasje i slamavskiljar  
**Byggjestad:** Gbnr: 114/5 Verås Veråsvegen 594  
**Tiltakshavar:** Ingvald Kristoffer Bakke

Alver kommune mottok den 21.04.22 melding frå NORVA 24 om lekkasje mellom botn og vegg i slamavskiljaren på eigedommen din gbnr. 114/5 Verås.

Lekkasje i slamavskiljaren fører til at ureinsa kloakk renn ut i grunnen og kan medføre at menneske og dyr vert sjuke dersom dei kjem i kontakt med kloakken.

### **Hindre forureining**

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgja for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

I følgje kommunen sine opplysningar har eigedommen slamavskiljar med spreining til terreng. Denne avlaupsløysinga er ikkje lenger tilfredsstillande ut frå dagens standard. Eigedomen din ligg innafor sikringssona til Sirsetvatnet og ved etablering av nytt avløpsanlegg, kan ikkje slamavskiljar godkjennast.

Sirsetvatnet er kjelde for industrivatn til Equinor sitt anlegg på Mongstad. Noko av vatnet frå Sirsetvatnet vert tatt ut ved Alver kommune sitt anlegg på Litlås og nytta til drikkevassproduksjon.

Med bakgrunn i ovannemnde får de eit førehandsvarsel om at det vil bli stilt krav om installering av minireinseanlegg med etterpolering knytt til eigedommen dykkar på Verås.

For å få utbetra eller installere eit nytt avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent røyrleggjarføretak.

### **Kva må du gjere for å unngå pålegg?**

Du må installere minireinseanlegg med etterpoleringstrinn innan fristen nedanfor.

Vi gjer oppmerksom på at det må søkast om nytt utsleppsløyve etter kapittel 12 i forureiningsforskrifta og byggeløyve etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav f i samband med etablering av minireinseanlegg.

Behandlingstid for utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta er 6 veker. For søknad etter plan- og bygningslova er behandlingstida 3 veker

### **Frist for arbeidet vert sett til 30.08.2023**

Du må sende oss ei skriftleg tilbakemelding om at minireinseanlegget er installert innan fristen.

Dersom ikkje minireinseanlegget er installert innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje dykk å installere minireinseanlegg og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

### **Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg**

Det følgjer av forureiningslova § 7 første ledd at *«ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensing» uten at det er gitt løyve»*.

I medhald av forureiningslova § 7 andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureininga, om å sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den.

### **Dine rettår**

Det vert gjeve ein frist på **4 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller de kan sende e-post eller post til:

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

### **Kommunens oppgåve og mynde**

I forureiningslova § 48 er ei av dei kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningssituasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 7 fjerde ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har ansvar for det ulovlege tilhøve, som er i strid med § 7 første ledd.

### **Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Ved vidare kontakt i saka, ver vennleg og referer til **sak nr. 22/3349**.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ingvald Kristoffer Bakke

Veråsvegen 594

5955

Lindås